

Smievågen friluftsområde

Friluftsområde i Os

Os kommune har ein rik og skiftande natur og ein uvanleg frodig vegetasjon. Her er øyar og skjer, flate jordbruksområde og beitemarker, skog og vatn, li og fjell. Ein finn lune vikar og gode hamner. Os har gode og varierte tilbod til friluftsfolket. Det er mange vakre område og velja mellom, men det er vel rett å seia at Ervikane og Lysøya kjem i ein klasse for seg, med Kalneset og Ullsund hakk i hæl. Oselvassdraget er også ein overmåte viktig ressurs for friluftslivet og er mykje nytta til kanopadling.

Strandvegen er ein kyststig som går langs sjøen, mellom dei to friluftsområda Mobergsvikjo og Smievågen. Skilt syner vegval undervegs. Vegen gjennom parken ved Moldegård kan verta stengd ved arrangement.

Allemannsrettane

Ein viktig del av kulturarven vår er å vera ute i naturen. Vi har frå gammalt av hatt rett til å ferdast i skog og mark, i skjergarden og til fjells, langs vatn og elvar, uavhengig av kven som eig grunnen.

Allemannsretten gjeld i utmark og inneber at du også har plikter når du er ute i naturen. Hugs å lata att grinder etter deg og vis omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen i tida 1.1 - 20.8 og når det er sau på beite. Ver varsam med eld – **hugs at du ikkje kan tenna bål i nærleiken av skogsmark i tida 15.4 – 15.9.**

Med telt kan du fritt overnatta same stad i utmark og på Friluftsrådets område, inntil 2 døgn i låglandet, utan å spørja grunneigar. Men hugs at du aldri skal setja opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte der det bur folk. Ver nøye med å rydda når du dreg.

Utmark er udyrka mark, og omfattar det meste av vatn, strand, myr, skog og fjell i Noreg. Udyrka, mindre areal i dyrka mark vert ikkje rekna som utmark.

Innmark er all dyrka jord; åker, eng, kulturbeite, hage-og i tillegg yngre plantefelt, gardsplass, hustomt og industriareal.



Ordensreglar

✓ Dersom du lagar bål i strandkanten i vinterhalvåret, ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk opp.

✓ Tenn ikkje eingongsgrillar på brygger eller anna underlag som er brennbart.

✓ Sløkk eingongsgrillane forsvarleg etter bruk og ta dei med heim eller set dei ved søppelkonteneren.

✓ Ver vennleg å la livbøyene hengja i fred, slik at dei er i god stand om det vert bruk for dei.



Moldaneset. Foto: BOF

Skjærgardstenesta

Skjærgardstenesta er eit samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar, statlege styresmakter og friluftsråda i Hordaland og Rogaland. Samarbeidet omfattar skjøtsel og drift av friluftsområde i Vestkystparken, langs kysten frå Austrheim i nord til Åna-Sira i sør.


Skjærgardstenesta har ei rekkje oppgåver som til dømes:

- ✓ Renovasjon
- ✓ Tilsyn og drift av toalett
- ✓ Skjøtsel av vegetasjon
- ✓ Ettersyn og vedlikehald av friluftsområda
- ✓ Informasjon og haldningsskapande arbeid



Andre friluftsområde i Bergensregionen

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) driv dei fleste bade og friluftsområda i Bergensregionen. I Os kommune er BOF ansvarleg for 22 friluftsområde, der Ervikane, Oksabåsen, Lysøya og Mobergsvikjo er nokon av dei mest brukte.



Bergen og Omland Friluftsråd

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som driv over 178 friluftsområde i Bergen og omlandskommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Tysnes, Samnanger, Sund, Radøy og Øygarden.

Er du interessert i å vita meir kan du kontakta:

Bergen og Omland Friluftsråd
Hellebakken 45, 5039 Bergen
Tlf. 55 39 29 50
Faks. 55 39 29 59
E-post: Firmapost@bof.no
Nettsider: www.bof.no